



Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Tanja Holum, 5764 3110

## Opning av tilsyn - psykososialt barnehagemiljø - Masfjorden kommune

Statsforvaltaren opnar tilsyn med Masfjorden kommune. Vi har som oppgåve å påsjå regeletterleving, og fører derfor tilsyn med kommunen jf. barnehagelova § 54. Når vi gjennomfører tilsynet har vi rett til innsyn i dokumentasjon, jf. kommunelova 30-3.

Tilsynet går ut på å kontrollere om Masfjorden kommune følgjer regelverket i barnehagelova med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker vi om Masfjorden kommune, som lokal barnehagemyndigheit, påser at barnehagane drivast i samsvar med regelverket. Tilsynet har som formål å kontrollere om barnehagemyndigheita oppfyller lovkrava om å rettleie barnehageeigarane i etterleving av regelverket i kapittel 8<sup>1</sup> i barnehagelova om psykososialt barnehagemiljø jf. barnehagelova §§ 10 og 53.

### Risikovurdering

Masfjorden kommune er vald ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for barna. Risikovurderingane våre bygger mellom anna på kartlegginga Statsforvaltaren gjennomførte i 2021 der vi spurte korleis barnehagemyndigheita rettleia barnehagane om kapittel 8 i barnehagelova. Vi fant manglande opplysningar om korleis barnehagemyndigheita la til rette for ei praksisnær rettleiing, og konkret informasjon om korleis rettleiinga føregjekk. Vi har difor valt Masfjorden kommune som tilsynsobjekt på dette temaet.

### Tema for tilsynet

Temaet for tilsynet er kommunen som barnehagemyndigheit si plikt til å påsjå at barnehagane drivast i samsvar med gjeldande regelverk etter barnehagelova § 10. Under dette temaet kontrollerer vi om barnehagemyndigheita ivaretek ansvaret sitt for å påsjå regeletterleving hjå barnehageeigarane gjennom rettleiing jf. barnehagelova §§ 10 og 53, jf. barnehagelova kap. 8 Psykososialt barnehagemiljø.

---

<sup>1</sup> [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL\\_8#KAPITTEL\\_8](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_8#KAPITTEL_8)



## Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet vert i utgangspunktet gjennomført som eit dokumenttilsyn. Det betyr at vi skal kontrollere barnehagemyndigheita si praksis på bakgrunn av skriftleg dokumentasjon, og utgreiinga i eigenvurderinga i RefLex. Dersom vi ser at det blir naudsynt for å opplyse saka godt nok, vil vi avtale intervju med barnehagemyndigheita og/eller styrar.

Tilsynet går føre seg på følgjande måte:

- Kommunen svarar på eigenvurdering i RefLex, sjå rettleiing i eige vedlegg
- De sender inn anna dokumentasjon vi har etterspurt i lista nedanfor. Send inn via «sikker melding» på Statsforvalteren sine nettsider<sup>2</sup>, eller på annan måte som tek omsyn til barna sitt personvern.
- Vi kontrollerer dokumentasjonen.
- Vi hentar i tillegg informasjon frå våre eigne system, offentlege register og informasjon på nettstaden til kommunen.
- Vi vurderer informasjonen om kommunen sin praksis opp mot regelverket, og utarbeider ein rapport der våre vurderingar og konklusjonar kjem fram.
- Dersom vi finn brot på regelverket, vil de få høve til å uttale dykk før vi gjer eit vedtak.
- Det vil gå fram av rapporten kva pålegg vi gjev og fristen for å gjennomføre pålegga.
- Vi publiserer den endelege rapporten i nasjonal tilsynskalendar.
- De får eit eige brev når vi avsluttar tilsynet.

Reglar for framgangsmåten vi har skildra ovanfor finn de her:

- Innhenting av dokumentasjon er regulert i barnehagelova § 54, jf. kommunelova § 30-3.
- Dykkar rett til førehandsvarsel og til å uttale dykk i saka følgjer av forvaltningslova § 16.
- Våre tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3.

I tilsynet handsamar vi personopplysingar. Les meir om vår behandling av personopplysingar på [udir.no](https://www.udir.no)<sup>3</sup>.

## De må sende inn dokumentasjon

De har plikt til å sende inn dokumentasjon, jf. § 54 barnehagelova, jf. kommunelova § 30-3. Vi ber dykk om å sende inn følgjande:

1. Eigenvurdering med utfyllande kommentarar – barnehagemyndigheita fyller ut eigenvurderinga
2. Plan for trygt og godt barnehagemiljø, eventuelt handlingsplanar, møtereferat, intervju, dokumenter knytt til rettleiing eller tilsyn, rettleiingsmateriell, årshjul, organisasjonskart
3. Dokumentasjon som ligg til grunn for risikovurderingar til dømes klager og bekymringsmeldingar.

Frist for å sende inn dokumentasjonen er 4. september 2023.

## Kontaktperson

Vi ynskjer at kommunen oppnevner ein kontaktperson som vi kan ha dialog med undervegs i tilsynet. Gje oss ei tilbakemelding på kommunen sin kontaktpersonen med kontaktopplysingar til [tilsynsleiar@statsforvalteren.no](mailto:tilsynsleiar@statsforvalteren.no) innan 21. august 2023.

<sup>2</sup> <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/om-oss/skjulte-sider/send-sikker-melding/>

<sup>3</sup> <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/>

**Førebels tidsplan for gjennomføring av tilsynet**

7. juli 2023	Opning av tilsyn med brev til kommunen frå Statsforvaltaren
21. august 2023	Kommunen gir Statsforvaltaren tilbakemelding om kontaktperson
Formøte på Teams dersom kommunen ynskjer det	
4. september 2023	Frist for innsending av dokumentasjon
	Utending av førebels tilsynsrapport
	Kommunen gir beskjed om de ynskjer sluttmøte
	Sluttmøte på Teams
Sjå førebels tilsynsrapport	Frist til å gi tilbakemelding på førebels tilsynsrapport
	Utending av endeleg tilsynsrapport

**Kommunen har rett til å klage**

De kan klage på pålegget om å sende inn dokumentasjon, jf. forvaltningslova § 14.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre dagar. Fristen gjeld frå beskjed om brevet har komme fram til dykk. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å gjere om avgjerda vår. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Kunnskapsdepartementet som avgjer saka.

Dersom vi vurderer at det er «påtrengjande nødvendig» å få dokumentasjonen raskt for å gjennomføre oppgåvene våre, kan vi krevje at de gir oss dokumentasjonen før ein eventuell klage er avgjort, jf. forvaltningslova 14 femte punktum.

Med helsing

Mats Petter Sydengen  
seksjonsleiar

Tanja Holum  
tilsynsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*